



**DEN NORSKE KYRKJA**  
I ULLENSVANG

## MØTEBOK FOR JONDAL SOKNERÅD

|  |  |
|--|--|
| <b>Møtedato: 14.12.2020</b>  |  |
| <b>Sak nr. 50/20</b>   | <b>Møtestad: Anne Røymstad, Sætveithagen</b> |
| <b>Underskrifter:</b><br>Protokollen vert underskriven av leiar og lagt fram for godkjenning i neste møte. |  |
| Leiar<br>Anne Røymstad   | Nestleiar<br>Åse Marit Jørgensen             |
| Sekretær<br>Karin Utheim Gangdal   | Kasserar<br>Ingebjørg Grøtt                  |
| Medlem<br>Cecilie Stærnes  | Medlem<br>Marit Hesvik                       |
| Medlem   | Medlem                                       |
| Geistleg representant  | Vara:  |
| <b>Forfall til møtet:</b>  |  |

Utskrift sendt til: Medlemar, 1. varamedlem og kyrkjekontoret i Kinsarvik.  
Kyrkjekontoret sender referat vidare til: Kyrkjeverja, tilsette i soknet og prosten i Hardanger og Voss prosti.

Nedanfor føl sakene som har vore til handsaming i møtet.

### **Meldingar:**

(Opplisting av meldingar som vert lagt fram i møtet)

### **Saker:**

**50/20 Ynskje om ny vurdering av soknerådsmidlar fordelt i 2019**

Sak 50/20 Ynskje om ny vurdering av soknerådsmidlar fordelt i 2019

Kort utgreiing om saka.

Jondal sokneråd fekk 13.12.2020 ein e-post frå eit kyrkjelydsmedlem i Jondal Sokn. Meldinga vart sendt ut til alle faste medlemmer og vararepresentantar i Jondal sokneråd.

Vedkomande ynskjer at Ullensvang Kyrkjelege Fellesråd tar opp igjen saka om fordeling av soknerådsmidlar for Jondal Sokn 2019, samt ei utgreiing for korleis ein har kome fram til den aktuelle sum som er tildelt Jondal Sokn.

Den som har kome med innspelet er ueinig i fordeling av midlane. Vedkomande er av den oppfatning at Jondal Sokneråd skulle vore tilgodesett med meir midlar.

Leiar for Jondal Sokneråd Anne Røymsstad kalla inntil ekstraordinært soknerådsmøte 14.12.2020 kl. 16.30. Dette for å diskutere innhald i e-post frå kyrkjelydsmedlem. Alle faste medlemmer møtte på 2 timars varsel.

Tidlegare leiar Cecilie Stærnes la fram ei oppsummering av korleis saka sidan januar 2020 er forsøkt løyst. Saka vart diskutert og soknerådet er samd i at det manglar opplysningar i saka. Det manglar ma. eit skriftleg vedtak. Korleis har ein kome fram til den aktuelle sum og korleis er saka handsama i Ullensvang Kyrkjelege Fellesråd og administrasjonen.

Framlegg til vedtak:

Jondal Sokneråd fann det rett å vidarese saka frå kyrkjelydsmedlem til Ullensvang Kyrkjelege Fellesråd og ber om at saka blir tatt opp i møte 28.12.2020

Vedtak:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.